

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ~~51~~
43

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hjelmeland

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: Ånund Ramsfjell

Gard:

(adresse): Hjelmeland

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Tor Lørstøl, småbrukar. f.12/9 1891.

SVAR

Det var vanlegt å bruka ringar mot gikt før. I øyro brukte dei ringar av gull, då trudde dei, at dei såg betre. Ringane var elles av ymse slag, kopar, messing o. a.

I den tid var det sjeldan at kvinnene brukte ringar i øyro, men gjorde dei det, så var det helst sikkert, at det var fenter. Det var helst sølvringar dei bar, gjennom eit hol i øyro. Sume gjekk med rå poteter i lummane, som hjelp mot gikt. Titt trudde folk det var noko gale med blodet når dei ikkje "følte seg i stryken", og då igla dei seg, andre gonger fekk dei seg koppa, med eit reidskap dei kalla bill. Der vart brukt til å løysa tenner med. Spinningsvev/la dei på sår for å stopppa blod. For vorter skar dei hakk i ein kjepp, grov han ned, når den rotna forsvant vortene. Det har hendt at eit sjukt barn vart/svinga under kista til dødt barn for å bli friskt att. Som smørje på sår, laga dei seg noko av/hondaber og den veska eller bast-en millom borken og veden. dette la dei på pannar og verndaxxk de det til det fløytt seg, så silte dei det ferdig til bruk. Kokte bokkablod var midisin for dyr. Lusagras, såpa, tobak og urin var krøtørvask. Romagras vart brukt mot romabrotsjukdom. Dei hogde og klauene til blods, samstundes som dei hivde kaldt vatn i hovudet på dyret. Dersom ei ku ikkje tok bur, så hogde dei henne til blods i halen.

11491